

Arnardo sviktar ikkje!

25.08.2014

Kor vert det av Arnardo i år, spør nokon. Ikkje var han innom her på vårparten og han har heller ikkje meldt at han kjem no på haustparten. Dei utålmodige og sirkusfrelste kan ta det med ro - sirkuskongen kjem også i år! Det skjer i starten av neste veke - måndag 1. og tysdag 2. september.

Då vil han rykke inn på Rabben der han har hatt sin arena i alle år før og tru det eller ei: Det skjer for 65.gong. Så er da også Uskedalen eit av dei beste spelestadane han har historisk sett.

Det heiter i førehandsreklamen at framsyninga osar av både tradisjon og fornying og god Arnardokvalitet. Så kan ein eigentleg ynskje meir?

Arild Arnardo set særleg strek under 4 dyktige breakdansarar som kan inspirera den yngre generasjon til halsbrekkjande operasjonar.

Ellers har Arild, som er 'sonen til far sin', både born og barneborn i manesjen og Arne Otto Luigi på 14 er inne i sin tredje sesong.med hester.

Det er all grunn til å glede seg!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen